

**Fra:** Gro Jensen Gjerde (gro@samarbeidsraadet-sunnhordland.no)

**Sendt:** 12.12.2014 10:15:06

**Til:** Arthur Kristian Arnesen

**Kopi:**

**Emne:** kvam

**Vedlegg:**

Vedkjem avsette midlar infrastruktur i Kvam.

Etter at kompensasjonsmidlane var lyst ut gjekk bedriftsgruppa i Kvam igjennom søknadane og gjorde ei prioritering av desse. Gruppa sa også at dersom det var midlar avsett til Kvam som ikkje vart nytta, skulle desse midlane nyttast til infrastrukturtiltak, jamf. tidlegare planar for bruk av kompensasjonsmidlar. Då arbeidsutvalet hadde ein gjennomgang av søknadane vart fleire av dei prioriterte søknadane frå Kvam vurderte til ikkje å koma inn under kriteria for bruk av midlane. Dette fekk Kvam tilbakemeldingar om, og hadde ein ny gjennomgang. Til møte i styringsgruppa kom det nye argument for Kvammababet, slik at prosjektet tilfredstiller kriteria og vart teke med i planen med 4.mill kroner. Dei resterande midlane i Kvam vart avsett til infrastruktur. Det er ikkje søkt om midlar til infrastruktur gjennom regionalforvaltning, då bedriftsgruppa hadde prioritert midlar til ulike prosjekt som ikkje kom inn under infrastruktur, men teke høgde for at noken av prosjekta kunne bli avsleger. Det var difor ikkje noko konkret sum å søkja om.

Sekretariatet føreslår difor at Kvam må leggja inn ein søknad i regionalforvaltning etter at planen er godkjent i fylkesutvalet. Då veit ein den endelige summen. ( Itillfele ikkje kvammababet vert godkjent)

Var dette greitt?

Gro

Mvh

Gro Jensen Gjerde

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Tlf 900 89 150

[www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no](http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no)